Setesdal interkommunalt politisk råd

Setesdalssamarbeid
Bygland, Evje og Hornnes,
Valle, Bykle og Åseral

| Vår ref.: | Sakshandsamar: | Dato |
|---|---|---|
| 2021/2-11 | Rita Hansen | 20.10.21 |

**REFERAT MØTE ORDFØRARUTVAL 11.10.21**

| | |
|---|---|
| Møtestad: | Kommunehuset, Valle |
| Møtetidspunkt: | 11. oktober 2021, kl 1000 - 1500 |
| Desse møtte: | Steinar Kyrvestad, Valle kommune<br>Jon Rolf Næss, Bykle kommune<br>Sigbjørn Åge Fossdal, Bygland kommune<br>Svein Arne Haugen, Evje og Hornnes kommune<br>Rita Hansen, Setesdal IPR |
| Forfall: | Inger Lise Lund Stulien, Åseral kommune |

| Sak | Merknad | Ansvar /frist |
|---|---|---|
| **Godkjenning av referat frå førre møte**<br><br>Referat godkjent.<br><br>Førebels held ein fram med å ha referat, møteplan osv på nettsida, og ikkje nytte den ordinære innsynsløysinga. | | |
| **1 – Innleiing til møte v/Steinar**<br><br>• Fv 42 - gul stripe vestover frå Evje - byggherrestyrte kontrakt mm. Ordførarutvalet tar initiativ til møte med fylkeskommunen i høve saka – ref dialogen som Inger Lise har spilt inn. Rita tar kontakt med Ola Olsbu for å skipa til møte.<br><br>• Ønsker egen avtale mellom SIPR og fylkeskommunen.<br><br>• Ønske om oppvekstreform som tema på kommande KS-møte kor ordførarane møter den nye Agderbenken. Steinar spiller inn forslaget til Robert C. Nordli. | | |

| | | |
|---|---|---|
| • Invitasjon frå Vest-Telemarkrådet. Det blir felles middag på Sølvgarden 18. oktober kl 1900 og felles møte 19. oktober kl 0900-1200.<br><br>• Felles regionrådsmøte med politisk og administrativ leiing i Østre Agder, Kristiansandsregionen, Lister og Setesdal 29. september – orientering v/Steinar, Sigbjørn og Rita. Tema som vart drøfta:<br>Distriktsvennlig utdanning – 3 møtte fra UiA<br>Førskolelærarutdanning og vernepleiar<br>Oppvekstreform<br>Presentasjon av utviklingsplanane for Arendal Havn<br>Planlegging i ekspresstempo – Morrow Batteries<br>Status store infrastrukturprosjekt vei og jernbane<br>Bynett Sør<br><br>• Temamøte om krypsiv måndag 15. november 2021. SIPR er medarrangør. Målet er å få eit betre kompetansegrunnlag me ønsker å samle alle som er interessert i problematikken til dialog, erfaringsutveksling og diskusjon. Seminaret er ved Stein Erik Stinessen og Christi Erichsen Hurlen, LVK.<br>Inviterer bredt. Program blir distribuert når klart. | | |
| **2 – Prosessen vidare med handlingsplan**<br><br>Behov for sterkare satsing og meir ressursar på strategiområde kompetanse. Rita tar kontakt med fylkeskommunen v/Kristin Tofte Andresen og får i stand møte. Ønsker spleiselag på en stillingsressurs – ref Lister.<br><br>Styreleiar, nestleiar, dagleg leiar og prosessveiledar skal ha heldagsmøte 12. oktober med kommunedirektørane. Orientering om opplegget. Dialog/drøfting.<br><br>Samling på Eikerapen i november. Program kjem når klart.<br><br>Faggruppe kompetanse => Svein Arne: Få opp personellressursar<br><br>Faggruppe bygdeutvikling => Svein Arne: Ordførarane er styringsgruppe | | |
| **3 – Dagsturhytteprosjektet – finansiering frå Setesdal IPR? v/Svein Arne**<br><br>Oppfølging av førespurnad PS 66/21 i styremøte 22.09.21.<br>*Det vart for litt sidan jobba i regionrådet med dagsturhytteprosjektet og prosjektet har no kome til kommunane for handsaming. Er det mogleg at SIPR kan behalde litt eigarskap i dette prosjektet og evt.*<br>*bruke midlar inn mot kommunane for å bidra i dette arbeidet? Kan administrasjonen og styreleiar sjå på dette?*<br>*Svar frå styreleiar:*<br>*Ja dette kan vi sjå på og jobbe vidare med. SIPR tenkte å bruke midlane frå sal av aksjer i bilruta til dette, men i følgje revisor var ikkje det mogleg. Vi må difor sjå på andre moglegheiter.*<br><br>Kjem egen styresak. | | |
| **4 – Blålysetatanes bruk av legevakt – v/Svein Arne** | | |

| | | |
|---|---|---|
| Blålysetatane bør kunne velje fritt mest hensiktsmessig bruk av legevakt – utan at kommunenamn bestemmer.<br><br>Godt tema til den neste regionalt politiråd. Rita tek kontakt med Sigurd Langeid og setter saka på agendaen. | | |
| **5 – IKT samarbeid**<br><br>Valle kommune har kommunestyrevedtak på å starte forhandlingar med DDV. Bykle, Bygland og Evje og Hornnes har kommunestyrevedtak på å forhandle med IKT Agder.<br>Ein ønsker fleksibilitet i overgangen og oppmodar kommunedirektørane til å finne praktiske løysningar i overgangsperioden. | | |
| **6 – Dagleg leiars hjørne**<br><br>Setesdalskonferansen 2021, Evjemoen kino & scene 4. november.<br><br>Hugs å melde dykk på via nettsida setesdalskonferansen.no<br><br>Festmiddag og utdeling av Setesdalsprisen på Revsnes. Frist for å foreslå kandidatar til Setesdalsprisen er 28. oktober kl 1200. Etter fristens utløp blir innkomne forslag samanstilt og sendt til juryen. Avstemming pr e-post. | | |
| **7 – Eventuelt**<br><br>Sherpastien. Vi legger opp til en befaring med ordførarutvalet våren 2022. | | |
| **Neste møte**<br>Leiar av kommunedirektørutvalet og Setesdal Barnevern inviteras til neste møte for å orientere om oppvekstreform, barnevernet og samtalene med Midt-Agder barnevern.<br><br>Det blir også en bolk med prosessveileder i høve prosess med hovudsatsingsområde. | | |
| | | |

Med helsing
Setesdal interkommunalt politisk råd

Rita Hansen
dagleg leiar